



Skulebruksplan 2023-2026

ME LØFTER I LAG



Innhald

Innhald	1
Innleiing	5
Samandrag	6
Nasjonal skulepolitikk	7
Læreplanverket – overordna del.....	7
Verdigrunnlaget.....	7
Prinsipp for læring, utdanning og danning	7
Prinsipp for skulen sin praksis	8
Overordna del og følger for skulebruksplan i Hå kommune	8
Kommunal skulepolitikk	9
Kommuneplan 2014-2028	9
Utviklingsplan for Håskulen 2022-2023	10
Sektormål (Kunnskapsdepartementet)	10
Tiltak	10
Økonomiplan 2023-2026	11
Skulebygg og uteområde.....	12
Hovudinngang	12
Læringsrom	12
Digitalisering.....	13
Elevgarderobar.....	13
Bibliotek	13
SFO.....	13
Spesialrom/fagområde	13
Kunst og handverk.	13
Musikk.....	14
Naturfag	14

Mat og helse.....	14
Kantine.....	14
Gymnastikksal/fleirbrukshall	15
Amfi.....	15
Arbeidsrom for tilsette	15
Personalrom.....	15
Kulturskulen	15
Uterommet	15
Skulehelsetenesta	16
Særskild tilrettelegging/forsterka skular	16
Bruk og sambruk av skuleanlegget.....	16
Klima og energi	16
Trafikktryggleik	16
Sikkerheit og beredskap.....	17
Barnetal og skulekapasitet	18
Historisk utvikling i folketalet i Hå	18
Endra utvikling i seinare tid	19
Framskrivning av folkemengd	20
Framskrivning av folke- og barnetal.....	20
Skulekretsar og skulebygg	23
Nærbø	23
Høyland skule	23
Bø og Motland skular	24
Nærbø ungdomsskule	25
Oppsummering av situasjonen på Nærbø	25
Varhaug.....	26
Varhaug skule	26
Varhaug ungdomsskule.....	27
Oppsummering av situasjonen på Varhaug.....	28

Vigrestad og Stokkalandsmarka.....	29
Vigrestad skule.....	29
Vigrestad storskule.....	30
Oppsummering: Situasjonen på Vigrestad/Stokkalandsmarka.....	34
Vigrestad revidert etter vedtak i KS 17.11.22 og 15.12.22.....	34
Brusand, Oгна og Sirevåg	35
Oгна skule.....	35
Oppsummering: Situasjonen på Oгна.....	35



Innleiing

Skulebruksplanen med vedlegg er eit strategidokument som skal danna grunnlag for avgjersler knytta til:

- a) vedlikehald av bygningsmassen
- b) ombygging/tilpassing til moderne skuledrift
- c) utbygging i høve til elevtalsutviklinga

Skuleanlegg skal tena mange føremål og er viktige signalbygg. Utforminga av bygga, standarden og det totale inntrykket skulebygget gjer fortel at kommunen viser vilje til å satsa på kvalitet i barn og unge sitt oppvekstmiljø. Skulebygga bør leggja til rette for god bruk for lag og organisasjonar og til ulike sosiale og kulturelle arrangement, og på den måten vere viktige kulturbygg i kommunen.

Målet er å ha godt vedlikehaldne skuleanlegg, tilpassa dei pedagogiske, sosiale og kulturelle føremåla.

Kommunedirektøren føreslår at planen blir revidert anna kvart år og lagt fram saman med rådmannen sitt forslag til økonomiplan, same år som Statistisk sentralbyrå (SSB) reviderer sine folketalsframskrivingar. Planen er eit grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen.



Foto: Anne Lise Norheim

Samandrag

Skulebruksplan 2021-2024 blei vedteken av kommunestyret i 2020. Kommunedirektøren legg no fram forslag til skulebruksplan for perioden 2023-2026. Kommunen har i løpet av dei siste åra hatt store investeringar i skulesektoren med Nye Bø skule, Nye Oгна skule og nybygg på Varhaug skule.

Framtidsutsiktene til kommunen er litt endra dei siste åra. Me ser at det er noko lågare vekst i elevtalet. Det ser ut som at barneskulane allereie har nådd ein «topp» på elevtal og at elevtalet er synkande. For ungdomsskulane er dei på veg inn i ein elevtopp og som vil kun vare nokre få år før prognosane også der er synkande elevtal.

På Nærbø ser situasjonen bra ut og Høyland har endeleg fått rehabilitert det gamle bygget sitt. Det er god elevkapasitet på skulane slik at nye elevar frå mottaket på Nærland har plass på nærskulane sine.

På Varhaug skule fungerer nybygget bra og skulen har plass til sitt høge elevtal. På Varhaug ungdomsskule derimot er det blitt trangere om plassen, men det ser ut som det går akkurat. Skulen er slitt og me starter ein prosess med å oppgradera skulen.

Vigrestad og Stokkelandsmarka er den største utfordringa i skulebruksplanen. Der er det ein politisk prosess på om me skal behalde dagens struktur, om det skal byggast på Vigrestad skule slik at de kan bli ein 1.-7 skule, om skulane skal bytte plass, eller om det skal skal byggast ny skule på ny tomt. Alt det er nøye beskrevet i den politiske saka. Skulebruksplanen tar derfor ikkje det opp igjen her, men viser ulike prognoser for elevtalsutvikling.

For Brusand, Oгна og Sirevåg fungerer ting bra. Nye Oгна skule står seg framleis godt, og vil forhåpentlegvis gjere det i mange år framover.

Nasjonal skulepolitikk

Læreplanverket – overordna del

Læreplanverket består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Dette er forskrifter til opplæringslova, og skal styra innhaldet i opplæringa. Nye læreplanar blei innført skuleåret 20/21.

Verdigrunnlaget

Overordna del av læreplanverket utdyper verdigrunnlaget i formålsparagraf til opplæringslova:

- Skulen skal sørge for at menneskeverdet og dei verdiane som støtter opp om det, vert lagt til grunn for opplæringa og heile verksemda.
- Skulen skal gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring, og bidra til at kvar elev kan ivareta og utvikla sin identitet i eit inkludarende og mangfoldig fellesskap.
- Skulen skal bidra til at elevane blir nysgjerrige og stiller spørsmål, utvikler vitenskapleg og kritisk tenking og handlar med etisk medvit.
- Skulen skal la elevane utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng, og la dei få erfaring med å sjå moglegheiter og omsetja idear til handling.
- Skulen skal bidra til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen og klima- og miljømedvit.
- Skulen skal gje elevane moglegheit til å medvirke og til å læra kva demokrati betyr i praksis.

Prinsipp for læring, utdanning og danning

Overordna del av læreplanverket utdyper og dei overordna prinsippa for læring, utdanning og danning i grunnopplæringa.

Opplæringa skal danna heile mennesket og gje kvar og ein moglegheit til å utvikla sine evner. Danning skjer når elevane får kunnskap om og innsikt i natur og miljø, språk og historie, samfunn og arbeidsliv, kunst og kultur, og religion og livssyn. Danning skjer og gjennom opplevingar og praktiske utfordringar i undervisninga og skulekvardagen. Eit breitt spekter av aktivitetar, frå strukturert og målretta arbeid til spontan leik, gjev elevane ein erfaringsrikdom. Elevane dannast i møte med andre og gjennom fysisk og estetisk utfolding som fremjar rørsleglede og meistring. Danning skjer når dei arbeider på eiga hand, og når dei samarbeider med andre. Dei vert danna når dei bryner seg på teoretiske utfordringar ved hjelp av formlar og fagstoff, og når dei tek i bruk reiskapar for å meistra ei praktisk oppgåve. Danning skjer når elevene lærer korleis dei kjem fram til rett svar, men og når dei skjønar at det ikkje alltid fins enkle fasitsvar.

Prinsipp for skulen sin praksis

Skulen skal møte elevane med tillit, respekt og krav, og dei skal få utfordringar som fremjer danning og lærelyst. For å lukkast med dette må skulen bygga eit godt inkluderande læringsmiljø og tilpassa undervisninga i samarbeid med elevane og heimane. Skulen skal vera eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar sin praksis.

Overordna del og følger for skulebruksplan i Hå kommune

For å realisera overordna del av læreplanverket kan me i framtida tenkja skulebygg som i best mogleg grad legg til rette for at elevar kan:

- tileigna seg kunnskap gjennom opplevingar og praktiske utfordringar i skulekvardagen
- både arbeida strukturert og målretta og leika (spontant)
- samhandla med kvarandre (både ansikt til ansikt og digitalt)
- ha moglegheit til fysisk og estetisk utfolding som fremjer rørsleglede og meistring
- tenkja vitenskapleg og kritisk og handla etisk
- utfalda skaparglede, engasjement og forskartrong
- utvikla naturglede, respekt for naturen og miljømedvit
- læra demokrati i praksis

Skulen bør og vera utforma med tanke på at den skal vera eit profesjonsfagleg fellesskap der lærarar, leiarar og andre tilsette som reflekterer over felles verdiar, og vurderer og vidareutviklar sin praksis.

Kommunal skulepolitikk

Kommuneplan 2014-2028

Kommuneplanen 2014-2028 legg til grunn følgjande hovudmål for skulane:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle elevar i skulen i Hå opplever læring og meistring kvar dag.

Kommunen skal gje eit variert, aktivt og stimulerande tilbod som gjer rom for oppleving og utvikling i skule og fritid. Elevane skal oppleva skulen som ein naturleg og spanande del av det samla oppvekstmiljøet sitt, der læring og sosial utvikling står i fokus.

Kommuneplanen legg til grunn følgjande delmål:

- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

Kommunen ønsker å oppnå hovudmål og delmål gjennom følgjande strategiar:

- Arbeida for at alle elevar får reelt tilpassa opplæring.
- Barna skal få møta eit utviklande og læringsstøttande miljø, sosialt, fysisk og fagleg.
- I aktivt samarbeid med heimen skal skulen arbeida for god motivasjon for læring.
- Sikra tidleg og tilstrekkeleg hjelp til alle elevar.
- Barn med særskilde vanskar og store funksjonshemmingar skal få spesialundervisning som sikrar dei eit tilbod som er likeverdig med ordinær undervisning.
- Sikra gode overgangar mellom barnehage og grunnskule og mellom grunnskule og vidaregåande skule.
- Styrka rådgjeving og tverrfagleg samarbeid for å hindra fråfall frå vidaregåande skule.
- Skulebygga skal vera spennande pedagogisk tilrettelagde.
- Sikra relevant kompetanseheving og gode arbeidsvilkår for personalet i skulen.

Kommuneplanen inneheld lite om skulebygga. I neste revidering av kommuneplanen bør følgjande punkt innarbeidast:

- Skulebygga må vera funksjonelle for ulike typar undervisning, og ha opne dører mot lokalsamfunnet.
- Skulebygga skal ha eit godt vedlikehald.

Skulane i kommunen har i samarbeid med heimen ansvar for opplæringa av over 2600 barn og unge. Kommunen skal sjå til at skulane er godt utrusta til å ta seg av denne viktige oppgåva både når det gjeld personale, bygningar og utstyr.

Skulebruksplanen er eit verktøy for å sikra at det bygningsmessige kvalitetskravet blir ivaretatt. For å ivareta hovudmål, delmål og strategiar for skulane i Hå som er nedfelte i kommuneplanen, er det laga ein utviklingsplan for Håskulen, ein strategiplan som har fokus på den innhaldsmessige kvaliteten i skulane.

Utviklingsplan for Håskulen 2022-2023

Håskulen har veldrevne skular og mange dedikerte og engasjerte lærarar og andre tilsette. Skulebidraga ligg tett opp til eller litt over det som er forventa av skulane ut i frå elevane sine tidlegare prestasjonar og familiebakgrunn. Elevane i Hå presterer tilsvarande elevar i andre kommunar med nokonlunde same folketal og økonomiske rammer.

Me ynskjer likevel å orientera oss mot nivået i heile landet når det gjeld læringsmiljø og læringsresultat, uavhengig av folketal, kommuneøkonomi, foreldra sitt utdanningsnivå, inntekt eller innvandringsbakgrunn. Elevane i Hå skal få moglegheit til å ta ut potensialet sitt, og nå sine drøymar og mål.

Lågare elevmotivasjon for læring på skulen i Hå enn gjennomsnittet i landet er ikkje nytt. Me har likevel tru på at det er mogleg å snu trenden, og at vegen dit går gjennom grundige analysar og å finna dei rette tiltaka som kan føra til ønska strukturelle og kulturelle endringar i skulane.

Minst to faktorar ser ut til å vera oppretthaldande til låg motivasjon for læring i skulane. For det første synest elevane i Hå at skulen er for lite praktisk og relevant, og for det andre har ikkje lærarane optimale moglegheiter til å utvikla sin undervisningspraksis gjennom effektive metodar for trening og utvikling.

Sektormål (Kunnskapsdepartementet)

Kunnskapsdepartementet sine sektormål er retningsgjevande for utviklinga i Håskulen:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga.
- Sektormåla er konkretiserte i læreplanane.

Tiltak

Skuleeigar rettar sine skuleutviklingstiltak mot å gje lærarane optimale moglegheiter til å driva undervisning som er praktisk og relevant. Det handlar om å utvikla eit godt system i skulane der leiarane følger opp lærarane, og lyttar til dei og diskuterer kva som er god undervisningspraksis. Det handlar om å stille naudsynte ressursar til disposisjon for lærarane, og sørga for at rammevilkåra for å driva god, praktisk og relevant undervisning er til stades.

Økonomiplan 2023-2026

Oversikten i tabell 1 viser tiltaka slik dei ligg inne i kommunedirektørens forslag til økonomiplan for 2023-2026. Det er fordi skulebruksplanen kjem samtidig med økonomiplanen. Det er kommunestyret sitt vedtak som blir gjeldande for skulebruksplanen.

Tabell 1. Økonomiplan 2023-2026

	2023	2024	2025	2026	Sum
Tiltak skule	3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
Inventar/uteområde	2 100	2 100	2 100	2 100	8 400
Rehab. Varhaug U. Skule	400	10 000			10 400
Sum skular	6 000	15 600	5 600	5 600	32 800

I tillegg kjem 1,5 mill. kroner som går til tiltak skular via driftsbudsjettet i heile økonomiplanperioden.



Foto: Ola Roald

Skulebygg og uteområde

Det finst ingen nasjonale føringar som gjer direkte krav til utforming av skuleanlegg. Fleire lover har likevel konsekvensar for korleis skuleanlegg vert utforma i forhold til ulike brukargrupper.

Opplæringslova er styrande for skulen sine oppgåver og innhald, som igjen stiller krav til ulike funksjonar i skuleanlegget.

Arbeidsmiljøvernlova med tilhøyrande forskrifter viser til reglar for dei tilsette sitt fysiske og psykiske arbeidsmiljø. I tillegg gjeld lova for elevar i samband med kunst og handverk og naturfag.

Forskrift for miljøretta helsevern med rettleiarar inneheld krav til det fysiske og sosiale miljøet, og stiller krav til blant anna ansvarsforhold, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage.

Lov om folkehelsearbeid skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelsa. Lova skal sikra at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsestyremakter set i verk tiltak og samordnar si verksemd på ein forsvarleg måte.

Lov om matproduksjon stiller krav til utstyr, utforming og drift av lokale der det vert produsert, laga og oppbevart mat.

Plan og bygningslova med forskrift inneheld omfattande krav til det fysiske miljøet. Lova gjer blant anna sterke føringar for universell utforming.

Diskriminerings- og tilgjengelighetslova stiller krav om at alle areal, både ute og inne skal vera tilgjengelege for alle menneske uansett funksjonsevne, utan at ein kjenner seg diskriminert.

Hovudinngang

Hovudinngangen skal vera det første ein ser, og skal invitera folk inn i skulen. Oppbygging og skilting må vera slik at ein lett kan orientera seg i bygget. Resepsjonen bør liggja i nær tilknytning til hovudinngangen og vestibyleområdet. Det kan godt vera plass til å stilla ut elevarbeid i dette området.

Læringsrom

Elevane sitt læringsareal kallar me læringsrom. Dette er eit samleomgrep som omfattar klasserom, grupperom og fellesrom. Alle elevar skal høyra til i ei gruppe og ha sin kontaktlærer. I løpet av skuledagen kan elevane organiserast i ulike grupper, alt etter arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar.

Det er ønskeleg at kvart trinn har sitt eige primærareal, sin base. Denne skal innehalda fleksible læringsrom i ulike storleikar slik at elevane får høve til å utprøva varierte arbeidsmåtar, både samarbeid med andre elevar og individuelt arbeid. Ulike elevaktivitetar må kunna skje side om side i læringsromma. Samtidig er det viktig at basen ikkje er så

avskjerma at andre elevgrupper ikkje kan nytta dette arealet. I læringsarealet skal det og vera eit areal som er eigna til presentasjon og framføring.

Alle elevane skal ha eige skap/hylle. Det må og vera oppbevaringsmodular for andre læremiddel og materiale som elevane nyttar.

Digitalisering

Digitale løysingar skal vera tidsmessige og tilgjengelege i heile skulebygget, og i spesialrom/verkstad. Utbygging av opne trådlause nettverk og mobilitet skal vera førande for utviklinga på området.

Kostnadar med etablering, utbygging, kabling for data internt i skulebygget skal dekkjast av byggets eigar. Det same gjeld kostnadar med å forsyna datautstyr o.l. med straum. IT-avdelinga har utarbeidd ein kablingsretteleiar for nye bygg og ombygging.

I løpet av dei siste åra har det blitt kjøpt inn chromebooks slik at alle elevar og lærarar har kvar sin maskin. Dette er viktig for å få tyngde i satsinga på ny teknologi og nye måtar å læra på.

Elevgarderobar

Skulane vert tilrettelagde som «inneskular», og det må dermed tilretteleggast for våt- og tørrsone. Kvar elev skal ha sin garderobeplass der blant anna utesko, innesko, skifteklede, gymklede og yttertøy kan oppbevarast. Det kan og vera tørkeplass for vått tøy for dei minste elevane.

Bibliotek

Biblioteket må liggja sentralt plassert i forhold til læringsromma. Det skal leggast til rette for samlokalisering og samarbeid med folkebiblioteket der dette passar. Biblioteket skal vera innbydande og stimulera til læring. Rommet kan og ha plass til ulike utstillingar. Bibliotekaren skal ha eigen arbeidsplass.

SFO

Skule- og fritidsordninga (SFO) nyttar dei yngste elevane sine primærareal. Læringsromma som SFO brukar må gje moglegheit til leik, læring og fritid. SFO må ha gode lagringsmoglegheiter, med fleksible og flyttbare oppbevaringsmodular.

Spesialrom/fagområde

Kvar enkelt skule må vurdere kva spesialrom ein treng ut frå krav i fagplanar og skuleslag (småskule, mellomtrinn, ungdomstrinn).

Kunst og handverk.

Noko av faget kunst og handverk kan gjennomførast i dei ordinære læringsromma, men det må likevel leggast til rette for bruk av andre rom etter aktivitet. Det må vera eit rom for arbeid med harde konstruktive materiale, for eksempel trearbeid, med tilhøyrande rom for farlege reiskaper, samt eit material-/lagerrom. Det må og vera eit rom der ein kan arbeida med tekstilar og teikning/maling med tilhøyrande lager. I tillegg kan ein og leggja til rette for eit rom

der ein skal arbeida med keramikk. Dette kan og fungera som eit etterbehandlingsrom (lakk, maling og liknande), og må ha tilgang til vatn og sluk i golvet. Der ein skal utføra arbeid som medfører støv og avgassar må det vera avsug i forhold til gjeldande lover.

Desse ulike kunst- og handverksromma skal liggja plassert slik at ein lett kan bevega seg frå det eine rommet til det andre, og det kan godt vera gjennomsyn begge vegar. Det må og vera nok veggplass til skap/hyller, og til å hengja opp ulike verktøy. Det må og leggest til rette for fleksible straumuttak i forhold til lette handverktøy og symaskinar. Kulturskulen vil vera ein nyttig samarbeidspartner i planlegginga av desse romma.

Musikk

Musikkfaget må ha eige rom sjølv om deler av faget som teori og rørsle kan leggest til andre rom. Musikkavdelinga bør innehalda eit fellesrom med tilhøyrande små øvingsrom. Det må og vera gode oppbevaringsmoglegheiter for ulike instrument. Musikkavdelinga bør leggest i tilknytning til amfi slik at romma kan fungera som førebuingssrom og eventuell scene til ulike framføringer. Og her vil kulturskulen vera ein nyttig samarbeidspartner i planlegging og tilrettelegging.

Naturfag

Deler av faget kan lærast i nærmiljøet, og det er viktig at skulane legg til rette for det. Mange av læringsaktivitetane i faget kan gå føre seg i dei ordinære læringsromma. Spesielt ungdomstrinnet treng spesialrom for å gjennomføra deler av faget. Og på barnetrinnet bør det vurderast å ha spesialrom for å utføra enkle forsøk for å stimulera til interesse for faget.

Mat og helse

Mat og helse bør lokaliserast i samband med kantine og vestibyle. Rommet skal innehalda fire arbeidsområde med fire komplette kjøkken. I tillegg må det vera ein kjøkkenbenk for demonstrasjon med koketopp, komfyr og vask. Eitt av områda må vera tilpassa elevar i rullestol med heve-/senkeløysing. Dette kan vera kjøkkenet for demonstrasjon.

Rommet må i tillegg innehalda skap for oppbevaring av mat og felles dekketøy, vaskemaskin, samt kjøl og frys. Ein må gjera ei vurdering om elevane skal kunna dekkja bord inne i mat- og helserommet, eller om dei skal nytta kantina til dette. Det bør uansett vera moglegheit for elevane til å sitta for å følgja med i gjennomgangar og demonstrasjonar.

Kantine

Dei seinare åra har nye skulebygg og fleire rehabiliterte skular vorte utstyrte med tilpassa kantine og kjøkken. Skulane har svært positive erfaringar med kantine. Utfordringa med å få plass til alle elevane er løyst ved at elevane vert delte inn i opptil tre grupper som et til ulike tider. Kantinetilbodet sikrar at alle elevane får eit sunt skulemåltid med god mat og drikke. Ordninga er difor viktig i forhold til læring av gode matvanar.

Når elevane et i kantina, enten eigen mat eller mat frå kantina, vil det vera lettare med reinhaldet i dei ordinære læringsromma. Det vert heller ikkje så mykje avfall i dei ordinære læringsromma i form av mjølkekartongar og organisk avfall.

Kantina bør vera i sambruk med mat og helse og vestibyle. Kantina må kunna brukast fleksibelt, og minimum ha ein kapasitet på ein tredel av elevtalet ved skulen. Kantina bør og ha kapasitet til å kunna servera lunsj til personalet ved skulen.

Gymnastikksal/fleirbrukshall

Fleirbrukshall bør vera i sambruk med idrettshallar og -anlegg. Den må og vera tilrettelagt for aktivitetar som dans og drama. Ei eventuell sceneløysing vil vera avhengig av utforming og bruk av vestibyle/musikkrom/amfi. Hallen vert eit viktig rom både i kvardagen i skulen og for andre brukarar i nærmiljøet. Hallen må utformast slik at ein kan søkja om tilskot i form av spelemidlar.

Amfi

Amfi er eit rom som er spesielt eigna til førestillingar og framføringar. Lokala kan og nyttast til presentasjonar og møte utanom ordinær skuletid. Amfiet kan leggest i tilknytning til elevkantine slik at det kan nyttast som opphaldsareal for elevar i pausar. Amfiet skal ha ein markert plass for opptreden/framføring og må kunna stengast av.

Arbeidsrom for tilsette

Arbeidsrom for personalet bør vurderast med tanke på behov for elevkontakt, arbeidsoppgåver, samspel med fellesfunksjonar og leiinga ved skulen. Arbeidsromma for dei tilsette skal som hovudregel plasserast i tilknytning til læringsromma. Lærarane skal ha sin individuelle arbeidsplass med tidsmessig dataløysing, hev/senkpult og skap- og hylleplass. Det må òg leggest til rette for samarbeid, enten på arbeidsrommet eller i tilstøytande møterom. Vidare må det gjerast ei vurdering av kor mange arbeidsplassar ein skal ha til andre tilsette på skulen, som fagarbeidarar og personale i fagstillingar.

Garderobeforholda for dei tilsette skal vera gode, og det bør vera dusj, tørkeplass og individuelle garderobeplassar til klede og sko.

Personalrom

Personalrommet bør plasserast sentralt i skulebygget. Ein må her ivareta personalet sitt behov for pause og ro. Ein bør kunna samla alle tilsette i eit slikt rom. Det skal òg vera ei kjøkkenkrok og utstyr for presentasjon og informasjon.

Kulturskulen

Etter Opplæringslova skal alle kommunar ha eit kulturskuletilbod der elevane skal få moglegheit til å oppleve og utøva kunst og kultur gjennom eigen aktivitet og i møte med andre. Det er viktig at arealet i skulebygga blir tilpassa dei behova som går fram av rammeplanen for kulturskulen. Kulturskulen må få disponera høvelege rom til si undervisning på skulane.

Uterommet

Skulane sine uteområde er viktige og sentrale punkt i nærmiljøet, og vil vera ein samlingsplass både på dagtid og kveldstid. Uteområda vil fungera som nærmiljøanlegg til ope bruk for alle året rundt. Møteplassar av denne typen bør ha høg kvalitet og tilby rik

variasjon av utfordringar og aktivitetmoglegheiter, både til leik og læring. Som aktivitetsarena og sosial møteplass skal uterommet planleggast i forhold til universell utforming, elevane sin alder og deira behov for ulike og varierte aktivitetar.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta må disponera tenlege rom til helseundersøkingar, vaksinasjon og samtalar. Ut frå avsett tid og elevtal vil skulehelsetenesta vera til stades på skulane i varierende grad og til forskjellige tider. Kontor for skulehelsetenesta må innehalda benk med vaskekum og utslagsvask. I tilknytning til kontoret bør det vera eit venterom. På skular der det vert sett av areal til helsestasjon, skal det vera eigen inngang.

Særskild tilrettelegging/forsterka skular

Kommunen organiserer undervisning for elevar som har behov for ei alternativt tilpassa opplæring, både i forhold til læringsareal og undervisning. Elevane vil ha behov for rom og utstyr tilpassa sine behov, i tillegg til eit godt fagmiljø blant personalet, med spissa kompetanse for å gje eit så godt individuelt tilbod som mogleg. Hå kommune har bygd ei slik avdeling, ATO-avdeling, på Bø skule med plass til 18-20 elevar. Det er likevel slik at føresette kan velja nærskulen for sine barn om dei ønsker det.

Bruk og sambruk av skuleanlegget

Skulebygget er primært ein læringsarena for elevane, men skal og tena lokalsamfunnet. Nærmiljøanlegga skal vera opne for alle. Vestibyle, amfi, fleirbrukshall, kantine, kjøkken, rom for kunst og handverk og musikkrom bør vera rom som kan leigast ut. Desse skal så langt råd utgjera sjølvstendige, låsbare areal i bygget. Ved bygging og rehabilitering av skular må ein og ta omsyn til behovet som det frivillige idretts- og kulturlivet har på staden.

Klima og energi

Skuleanlegga skal byggjast for framtidens generasjonar og vera miljøvennlege bygg med sunt inneklima, bærekraftig materialbruk og lågt energiforbruk. For å møte framtidens utfordringar med endra klima, må vi planlegge anlegg som er robuste og tåler meir ekstremnedbør. Ein må og velja materialar som gjer eit sunt inneklima, der ein tek omsyn til materialet sine driftskostnader gjennom heile livsløpet. Temaet er og omtalt i kommunen sin nyleg vedtekne Eiendoms og forvaltningsstrategi. Sentralt her er ny klimalov, gjeldande frå 01.01.18. Her er klare mål for reduksjon av klimagassutslepp, med 40% reduksjon innan 2030 og 80-95% reduksjon innan 2050. Skulebygg sin bruk av energi vil og varta utfordra i åra som kjem og nye skular vil bli utforma og planlagde med tanke på dette framover. Utforming av morgendagens skule i møte med desse krava vil med andre ord setta heilt nye standarder for korleis me må planlegga nye bygg.

Trafikktryggleik

Tettstadane i kommunen veks, og trafikken på vegane aukar i takt med dette. Skuleskyss, gang- og sykkelvegstruktur, utforming av uteområde og tilkomstvegar betyr mykje for trafikktryggleik. Det skal leggast vekt på trygge skulevegar, og særleg trafikkavviklinga rundt skulene må tryggjast og planleggast med det som siktemål.

Sikkerheit og beredskap

I eit samfunnssikkerheitsperspektiv legg kommunen til grunn at framtidens skulebygg skal planleggast og utstyrast slik at skulebygga ved uønska hendingar skal vera eigna til å ivareta både elevar, tilsette og nærmiljø på ein hensiktsmessig måte. Dette handlar om beredskaps- og krisesituasjonar av ulike slag.

Kommunen legg til grunn at eit skulebygg og kan verta ramma av ei rekke uønska alvorlege hendingar som tjuveri, brann, trugsmål, skadeverk/hærverk og alvorleg valdsbruk. Dette kan vera hendingar som er avgrensa til skuleområdet, men ògulukker eller alvorlege hendingar i eit nærmiljø til skulen.



Foto: Anne Lise Norheim


Barnetal og skulekapasitet

Historisk utvikling i folketalet i Hå

Utviklinga i folketalet i Hå vil vera avhengig av kor mange som blir fødde, kor mange som døyr og kor mange som flyttar til og frå kommunen. Utviklinga i talet på barn i skulealder heng tett saman med utviklinga i folketalet. Det er talet på skulebarn som dimensjonerer kor store skular det er behov for. Hå har skulekretsar knytte opp mot tettstadene, og det er difor naturleg å sjå kretsvis på utviklinga i tala på skulebarn opp mot kapasiteten på skulane.

Figur 1 nedanfor viser utviklinga i folketalet i Hå i perioden 1964-2015. Det er store svingingar i veksten frå år til år og i nokre år er det og registrert negativ vekst. Dette kan i hovudsak knytast til utviklinga ved Nærlandheimen rundt 1970 og i starten på 1990-talet. I 1970-åra var det år med høg vekst på grunn av stor bustadbygging og tilflytting, noko ein òg ser i åra omkring 2008-2013. I denne siste perioden er ikkje minst arbeidstilflytting ei hovudårsak til den sterke veksten, grunna høg oljepris og tilhøyrande stor vekst i oljenæringa, både nasjonalt, men særleg i Rogaland og dei andre Vestlandsfylka.

Figur 1. Folketaletsutvikling, folkemengd 1. januar 1964-2022




Endra utvikling i seinare tid

Finanskrisa i 2007/08 førte med seg redusert vekst i internasjonal økonomi. Veksten for Norge tok seg likevel raskt opp, og det blei høg vekst i hovudsak på grunn av god prisutvikling i råvarer som Norge eksporterer, særleg olje, og fallande prisar på import. Frå 2014 av har oljeprisen falle mykje, og saman med relativt svak vekst i internasjonal økonomi har dette ført til mindre aktivitet, særleg i oljenæringa i Rogaland. Dette gjer seg mellom anna utslag i mindre arbeidsrelatert tilflytting til Norge. Det er mange arbeidsinnvandrara som nå flyttar tilbake til heimlanda sine. Sjølv om det har vore aukande tilflytting av flyktningar, er den samla veksten i innvandringa til Norge nå mindre enn før. Fødselsoverskotet held seg høgt.

Hå kommune hadde sterk vekst i perioden frå 2008 til 2014. Det var ei vekst mykje på grunn av oppgangen i oljenæringa, men òg på grunn av arbeidsinnvandring til jordbruksnæringa. Det var netto innflytting til Hå både frå andre delar av Norge og ikkje minst frå utlandet. Sjølv om det blei oppretta nye arbeidsplassar i Hå, kom det òg mange tilflyttarar til kommunen som pendla ut av kommunen til arbeidsstaden.

I perioden 2015-2021 har det vore svakt synkende fødselsoverskot og folkeveksten har vore prega av negativ nettoinnflytting. Sjølv om fødselsoverskotet er synkende viser siste års utvikling ei positiv utvikling som følgje av aukande nettoinnflytting.

Figur 2. Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folkevekst 2000-2021



Framskriving av folkemengd


Framskriving av folke- og barnetall

Når me skal framskriva utviklinga i folke- og barnetal, bruker me ein modell for framskriving. Til framskrivingane treng me ulike føresetnader om fire demografiske komponentar: Framtidig fruktbarheit, dødelegheit, innanlandske flyttingar og inn- og utvandring. Kommunen bruker Statistisk sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar for heile kommunen og KOMPAS-modellen for å fordela folke- og barnetal på dei ulike kretsane.

Veksten i folketalet har vore høg sidan 2008, men veksten har i dei siste åra vore vesentleg lågare enn dei føregåande. Det er sannsynleg at framskrivingane ikkje heilt og fullt fangar den faktiske utviklinga framover, og i så måte er tala usikre. Usikkerheita aukar jo lengre fram i tid me ser, og jo mindre grupper me framskriv. Likevel er det fleire sikre element i befolkningsutviklinga. Dei fleste av oss vil vera eitt år eldre og bu same stad neste år.

På grunn av COVID-19-pandemien har det imidlertid vore utfordrande for SSB å laga forutsetningar og for nær framtid. Me må hugsa på dette når me ser på 2020- og 2022-framskrivingane, både på kort og lang sikt. Noko av usikkerheita er her illustrert ved referanse til tidlegare framskrivingar, der me nyttar andre føresetnader. Både barnehagebruksplanen og skulebruksplanen har lagt opp til å sjå på tidlegare framskrivingar for å ha eit betre grunnlag for å dimensjonera bygga i dei ulike kretsane.

Figur 3. Framskriving av folkemengde i Hå per 31. desember, MMMM 2012-2022



Målstyrt hovudalternativ (MMMM)


Kommuneplanen 2014-2028 legg opp til ei befolkningsutvikling som tar utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folkemengd på kommunenivå.

Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.

SSB oppdaterer og omstrukturerer sine framskrivingar anna kvart år. Hovudalternativet (MMMM) som ligg til grunn for kommuneplanen er SSB-framskrivinga frå 2012. Etter dette har det komme nye framskrivingar anna kvart år, og nå sist sommaren 2022. I alle framskrivingane unntatt 2022 har SSB lagt til grunn mindre befolkningsvekst, jf. figur 4. Framskriving av folkemengd i Hå kommune per 31. desember (MMMM 2012-2022).


Framskrivinga viser nå at folketalet aukar frå 19296 1. januar 2020 til 19987 31. desember 2028. Det utgjer ein folkevekst på 691 innbyggjarar. Folkeveksten utgjer ei gjennomsnittleg vekst på om lag 0,5 prosent, eller 99 personar i året. Framskrivinga bygger på ein føresetnad om at folkeveksten blir geografisk fordelt ut frå eit bustadbyggingsprogram på 120 bustader i året, jf. KPU 009/20.

Figur 4. Framskrivingar av folkemengd 6-12 år (Hå kommune) pr. 31.12.



Figur 4. viser at behovet for elevplassar på barnetrinnet i Hå kommune vil reduserast frå 2051 31. desember 2021 til 1829 31. desember 2028. Dette er ein reduksjon på 222 elevplassar i perioden fram mot 2028.

Figur 5. Framskrivningar av folkemengda 13-15 år (Hå kommune) pr. 31.12.



Figur 5. viser at behovet for elevplassar på ungdomstrinnet i Hå kommune vil minka i perioden fram mot 2028. Fram mot 2024 er det venta størst vekst. Etter 2024 flatar veksten ut og fell om lag til dagens nivå.

Skulekretsar og skulebygg


Nærbø

Høyland skule

Høyland skule har ein kapasitet på 145 elevplassar. Elevtalet for skuleåret 2022-2023 er på 90 elevar. I elevtalet til Høyland skule og prognosane framover ligg berre elevar som har fast busetjing i skulekrinsen. Høyland er nærskulen til mottaket på Nærland. Dette vart først lagt ned, men vart gjenopna som akuttmottak ved to anledningar i 2021 og 2022. Frå oktober 2022 vart det ordinært mottak igjen. Mottaket har plass til 150 flyktningar, men med opsjon på 50+50. Det betyr at det kan bu inntil 250 flyktningar på Nærland. Antall elevar som bur på mottaket vil variere og skulen kan oppleve raske endringar.

Hausten 2022 fekk Høyland skule ei totalrenovering av det gamle skulebygget. Denne delen er no ført tilbake til slik bygget opprinneleg vart bygd, samstundes som tekniske utfordringar ved bygget er løyst. Det betyr at me kan bruka begge etasjane til læringsareal for elevane. Skulen har dermed kapasitet til å organsiera eit skuletilbod for elevane på Nærland både som ein del av ordinære klasser og som eigne innføringsklasser.

Figur 6. Framskrivingar av folkemengda 6-12 år (Høyland) pr. 31.12.



Figur 6. viser at for alle framskrivingsalternativa vil det vera nok kapasitet på Høyland skule, sjølv med inntil 40 elevar frå mottaket på Nærland (ikkje med i grafen).


Bø og Motland skular

Bø skule har ein kapasitet til 550 elevplassar. Elevtalet for skuleåret 2022-2023 er på 483 elevar, kor 13 av desse er elevar på ATO (alternativ tilpassa opplæring for 1.-10 trinn).

Motland skule har ein kapasitet på 440 elevplassar. Elevtalet for skuleåret 2022-2023 er på 369 elevar.

Begge skulane har god kapasitet og er i bygningsmessig god stand. Begge skulane er baseskular, noko som gjer at reduksjon i elevtalet nødvendigvis ikkje frigjer klasserom og læringsareal, men det vil gje plass betre plass i roma som dei bruker, noko som igjen kan gjere det lettare å skapa gode læringsmiljø.

Figur 7. Framskrivingar av folkemengda 6-12 år (Bø og Motland) pr. 31.12.




Figur 7 viser at det vil vera god kapasitet fram til 2028 på barneskulane på Nærbo.

Nærbø ungdomsskule

Nærbø ungdomsskule har ein kapasitet på 355 elevplassar. Elevtalet for skuleåret 2022-2023 er på 335 elevar, dette inkluderer ca 15 stk i innføringsklasse då Nærbø ungdomsskule er nærskulen til ungdomsskulelevane frå mottaket på Nærland.

Det er ca 100 elevar frå Nærbø som går på Tryggheim ungdomsskule. Dersom like mange elevar frå Nærbø går på Tryggheim i åra framover, vil det vera nok kapasitet på Nærbø ungdomsskule. Skulen fekk færre klasserom etter ombygging til felles kantine på skulen, men har kapasitet til å ta den elevtoppen som dei står i akkurat no. Prognosane viser nedgang i elevtal dei komanda åra.

Figur 8. Framskrivingar av folkemengda 13-15 år (Høyland, Bø, Motland) pr. 31.12.



Note: I figuren for barn i ungdomstrinnet på Nærbø er det trekt frå 104 barn for å illustrera skulebehovet på Nærbø ungdomsskule når elevane som går på Tryggheim er tatt vekk.

Oppsummering av situasjonen på Nærbø

I følgje framskrivingane som er lagde til grunn vil det vera god skulekapasitet på alle barneskulane i Nærbø-kretsen og elevtalet er synkande. På ungdomsskulen har dei no ein elevtopp, men har nok kapasitet. Elevane på mottaket på Nærland har plass på sine nærskular (Høyland skule og Nærbø ungdomsskule).


Prognosane viser at i 2028 vil det vera ledig kapasitet på Motland og Bø på over 200 elevplassar, samstundes som Høyland har færre enn 90 elevar. Desse tala er utan eventuelle elevar frå mottaket på Nærland.

Varhaug

Varhaug skule

Skulen har i skuleåret 2022/2023 om lag 495 elevar. Etter at nybygget stod ferdig har skulen ein kapasitet på 550 elevar. Prognosane viser at det vil vera god kapasitet i åra framover.

Figur 9. Framskrivingar av folkemengda 6-12 år (Varhaug) pr. 31.12.



Varhaug ungdomsskule

Varhaug ungdomsskule har ein kapasitet på 207 elevplassar. Elevtalet for skuleåret 2022-2023 er på 192 elevar.

Figuren under viser at den toppen som har vore på Varhaug skule no har kome til ungdomsskulen. Elevtalet vil vera stabilt høgt nokre år før det er venta å gå ned igjen. På grunn av at elevtalet ligg så nær øvre grense på skulekapasitet har skulesjef og rektor på skulen i tillegg gjort ein analyse av faktisk elevtal registrert i skuleadministrativt system.

Skulen har skuleåret 22/23 188 elevar. Skuleåret 23/24 vil dei truleg bli litt færre, men framleis vera over 180 elevar. Kor mange som vel å gå på Tryggheim ungdomsskule er det største usikkerhetsmomentet. Året etter, skuleåret 24/25, kjem det som er det største kullet på barneskulen, dei er per august 2022 84 elevar. Igjen blir Tryggheim den usikre faktoren, men innanfor normalen vil 10-20% av elevane bytta skule. Varhaug ungdomsskule vil då klara dette innanfor sin rammer (antall klasserom).


Ungdomsskulen sin potensielt høgaste topp er om fire år. Basert på dagens tall er det 229 elevar. Dersom alle elevane fortsetter på ungdomsskulen vil det vera for liten plass. Skulen må då utvidast. Me antek då at nokre elevar går til Tryggheim, og med eit fråtrekk på 10% vil det bety at det blir 206 elevar skuleåret 26/27.

Det er vår vurdering at det kan gå utan å måtta utvide med fleire klasserom, men at utviklinga må følgast nøye og vurderast på ny i neste skulebruksplan.

Innvendig er bygget svært slitt og ber preg av dette. Det er mykje trefargar og lite naturleg lys, og bygget fremstår ikkje som særleg moderne. Med tanke på makskapasiteten som kjem om fire år er det difor ynskjeleg med ei innvendig oppgradering som kan gje bygget ein meir moderne karakter. Me ynskjer å sjå på moglegheiter for å sleppa inn meir dagslys, til dømes ved hjelp av takvindauge.

Det er så langt ikkje gjort nokon form for planlegging eller prosjektering som grunnlag for kalkyle, men kommunedirektøren tilrår at det blir sett av kr 400.000,- til dette i 2023 og førebels 10 mill. kr til oppgraderingar i 2024. Kommunedirektøren vil koma nærare tilbake med meir eksakte tall etter gjennomført planlegging og prosjektering.

Figur 10. Framskrivingar av folkemengda 13-15 år (Varhaug) pr. 31.12.



Note: I figuren for barn i ungdomstrinnet på Varhaug er det trekt frå 27 elevar for å illustrera skulebehovet på Varhaug ungdomsskule når elevane som går på Tryggheim er tekne vekk.

Oppsummering av situasjonen på Varhaug

Varhaug skule har etter vedtaket i 2018 om å byggja ut skulen til ein kapasitet på 550 elevar god plass til elevane som soknar til skulen. Varhaug ungdomsskule vil ut frå prognosane ha utfordringar med plass i eksisterande bygning. Skulen er slitt og treng å bli oppgradert.


Vigrestad og Stokkalandsmarka

I tidlegare skulebruksplanar har det blitt skissert fleire alternativ til utbygging av kapasiteten. Det er vedteke at skulen i Stokkalandsmarka skal bli bygd som 1-7 skule, Vigrestad skule blir 1-7 skule og Vigrestad storskule blir 8-10 skule for begge bygdene. Det er difor to modellar som er lagde til grunn for framskrivingane under. Skulestrukturen slik han er nå, og skulestrukturen etter ei eventuell bygging av Stokkalandsmarka skule.

Vigrestad skule

Vigrestad skule har ein kapasitet på 300 elevplassar. Elevtalet for skuleåret 2022-2023 er på 185 elevar.

Figur 11. Framskrivingar av folkemengda 6-9 år (Vigrestad/Stokkalandsmarka) pr. 31.12.




Figuren viser behovet for skulekapasitet for elevar på barnetrinnet som i dag soknar til Vigrestad skule

Vigrestad storskule


Vigrestad storskule har ein kapasitet på 300 elevplassar. Elevtalet for skuleåret 2022-2023 er på 285 elevar.

Figur 12. Framskrivingar av folkemengda 10-15 år (Vigrestad/Stokkalandsmarka) pr. 31.12




Note: I figuren for barn i ungdomstrinnet på Vigrestad storskule er det trekt frå 30 elevar for å illustrera skulebehovet på Vigrestad storskule når elevane som går på Tryggheim er tekne vekk.


Figur 13. Framskrivingar av folkemengda 6-12 år (Stokkalandsmarka) pr. 31.12



Figur 14. Framskrivingar av folkemengda 6-12 år (Vigrestad) pr. 31.12



Figur 15. Framskrivingar av folkemengda 13-15 år (Vigrestad/Stokkalandsmarka) pr. 31.12



Note: I figuren for barn i ungdomstrinnet på Vigrestad/Stokkalandsmarka er det trekt frå 30 elevar for å illustrera skulebehovet på Vigrestad når elevane som går på Tryggheim er tekne vekk.

Oppsummering: Situasjonen på Vigrestad/Stokkalandsmarka

I tidlegare skulebruksplanar har det blitt skissert fleire alternativ til utbygging av kapasiteten. Ut frå desse er det vedteke at skulen i Stokkalandsmarka skal bli bygd som 1-7 skule, Vigrestad skule blir 1-7 skule og Vigrestad storskule blir 8-10 skule for begge bygdene.

Framskrivningane for desse alternativa viser at det vil vera kapasitet på dei to eksisterande skulane ut kommuneplanperioden.

Dersom Stokkalandsmarka skule (1-7. trinn) hadde vore bygd i dag ville det vore 132 elevar på skulen. Prognosen viser at elevtalet vil stiga relativt jevnt fram til 2028, til 167 elevar, med eit snitt på 24 elevar per trinn. Samstundes ville Vigrestad skule, som ein skule med 1-7. trinn, i dag hatt 263 elevar. Skulen sitt elevtal vil deretter minka fram til 2024 og ha om lag 225 elevar heilt fram til 2028, med eit snitt på 32 elevar per trinn. To små skular vil auka behov for lærarar og leiarar i skulen, og dermed enten svekka vaksentettleiken eller krevja auka ressursbruk.

Rådmannen rår difor til at planleggingsmidlane på 2 mill. kroner til skule i Stokkalandsmarka blir flytta til slutten av økonomiplanperioden, 2024.

I kommunestyret den 16.11.21 blei det gjort vedtak om å flytta 2 mill. kr i planleggingsmidler frå Stokkelandsmarka skule til planlegging av skulane på Vigrestad. Ein ønska å utreda 4 alternative løysingsforslag med tanke på ein ny skulestruktur på Vigrestad, bestående av ein barneskule frå 1.-7. trinn og ein ungdomskule frå 8.-10. trinn.

I den politiske saken som blei fremlagd i kommunestyret den 17.11.22 har kommunedirektøren redegjort for alle dei 4 alternative løysingsforslaga. Dei er alle beskrevne i ein eigen rapport, men kommunedirektøren ser kun alternativ 0, 1 og 3 som moglege alternativer å gå vidare med.

Kommunedirektøren tilrår fylgjande innstilling:

- 1- Alternativ 0. Ingen endring i skolestruktur velges.
- 2- Alternativ 3. Ny barneskule på ny tomt, vurderes på nytt ved neste rulleing av skulebruksplanen.

Vigrestad revidert etter vedtak i KS 17.11.22 og 15.12.22

I kommunestyret 17.11.2022 under behandling av skulestruktur på Vigrestad vart det vedteke å gå for alternativ 3 med oppstart nå snarast.

KS- 084/22 Vedtak:

Kommunestyret går inn for å byggja ny skule på ny tomt, alternativ 3, nå.

Det praktiske og økonomiske innarbeides i skulebruksplan og økonomiplan.


I kommunestyret 15.12.2022 som behandla sjølve skulebruksplanen vart skulebruksplanen godtkjent med oppretthalding på at ein går for alternativ 3 nå, og at ein ikkje venter til ny rullering av skulebruksplanen med å bygge ny skule på Vigrestad.

Brusand, Oгна og Sirevåg

Oгна skule

Oгна skule har ein kapasitet på 300 plassar. Elevtalet for skuleåret 2022-2023 er på 264 elevar. Det nye skulebygget fungerer godt.

Figur 16. Framskrivingar av folkemengda 6-15 år (Brusand, Oгна og Sirevåg) pr. 31.12.



Figuren viser at det vil vera tilstrekkeleg kapasitet på Oгна skule fram til 2028.

Oppsummering: Situasjonen på Oгна

Nye Oгна skule blei opna i januar 2018. Skulen har ein kapasitet på 300 elevar på 1-10 trinn. Skulen vil ha god plass for alle framskrivingsalternativa ut perioden.

